

Tur nr 06 Sengjaberget



Flott utsyn over Skjolden,
Lusterfjorden og Eidsvatnet.

Parkering: Parker på plassen ved Fjordstova i Skjolden sentrum.

N 61°29'29" E 07°36'13"

Sone 32 N 6818296 E 425385

Tid: Ein time., (Total gangtid tur –retur)
Høgde: 10– 120 moh
Lengd: 3,4 km tur-retur
Kart: Lusterfjorden 14171(1:50000), eller Breheimen (1: 100 000)
Post: På forlenginga av stien 400 meter forbi Sengjaberget.
Merking: Bilveg + O-merka sti

Vegen:

- Følg Høgemovegen mot Bolstad.
- Ta til høgre i vegskilet til Fløyen.
- Ta til høgre der vegen flatar ut og gå vidare på **skogstien** mot Sengjaberget. Følg stien 320 m til du er framme.

N 61°29'35" E 07°36'46"

Sone 32 N 6818493 E426140

NB: Posten ligg på framhaldet av stien om lag 300 meter forbi Sengjaberget.



Sengjaberget har fått namn etter **bergformasjonane** på staden. Berget har form som benker eller senger, og er godt å sitja på. Dette er det mest besøkte utsiktspunktet i Skjolden. Herifrå har ein godt utsyn over **Eidsvatnet** og **Eidselva** som er den nederste delen av Fortunselva. På sørsida av elva ligg **garden Eide** som er ein av dei største gardane i Sogn og Fjordane med om lag 300 mål innmark. Nærast vatnet ligg **Nymoen Leirplass**..

Skjolden er i ferd med å bli ei viktig **cruisehamn**. Investoren Oddvar Røysi har bygd tenderkai og restaurert det gamle pakkhuset på kaien. Der finn me no Bryggjehuset kafé og pub og utstillingslokale. Han har og bygd utleiehytter. Nokre av dei ser du frå Sengjaberget. Røysi har planar om ny cruisekai og vidare hytteutbygging ved Skjolden Brygge.

Ved fjorden til høgre ligg grenda **Fjøsname**, og fjellet lengst ute er **Molden**. Også eit flott utsiktspunkt over Lusterfjorden.



Me ønskjer Dykk ein hyggeleg tur!
Skjolden Aktiv og IL Fanaråk

Meir info på www.skjolden.com
og www.sognefjord.no